

Referat frå fellesmøte FNF 12.-13. november 2010

Organisasjon	Deltakar	tlf	Epost
Indre Sogn kystlag	Torbjørn Vefring		
Norges Speiderforbund / Naturvernforbundet	Thorleif Jacobsen		
Naturvernforbundet	Sigbjørn Løland Torpe		
Naturvernforbundet	Hans Christian Hansen		
Sogn og Fjordane Turlag	Britt Småvik		
Sogn og Fjordane Turlag	Astrid Kalstveit		sogturla@online.no
Sogn og Fjordane Turlag	Jørgen Bruheim		jorgen.bruheim@privat.alb.no
NJFF	Reidun Solberg Seim		
NJFF	Vidar Moen		
NJFF	Svein Arne Forfod		
Arbeidsutvalet	Marino Ask	900 89 570	mjas@online.no
Arbeidsutvalet	Haakon Breien		
Innleiarar			
Vestlandsforskning	Carlo Aall	991 27 222	carlo.aall@vestforsk.no
Sogn og Fjordane Turlag	Alvar Melvær	918 22 864	alvar-m@online.no
Naturvernforbundet	Jon Farestveit		
Nordfjord Folkehøgskule	Martin Larsen		martin.larsen@live.com
Fylkeskommunen	Joar helgheim	415 30 955	joar.helgheim@sfj.no
FNF	Elisabeth Dahle	480 20 532	elisabeth@fnf-nett.no
FNF	Einar Skram Husabø	480 20 532	sognogfjordane@fnf-nett.no

Sak 1 **Velkommen**

Einar Skram Husabø, FNF

Sak 2 **Med to tanker i hodet eller Med mange (ikke bare to) tanker i hodet: Fører klimatiltak til miljødeleggelse?**

Carlo All, Vestlandsforskning

- Litt teori
- Bieffekter av norsk klimapolitikk
- Veien ut av uføret

Vinn – vinn eller vinn – tap

Som samfunnskritisk miljøforsker er jeg mest opptatt av å analysere muligheten for negative tilbakekoplingsmekanismer.

Hva er en 'miljøproblematikk'? Prosesser som skaper et miljøproblem

-> biprosesser, sekundærprosesser

- Konkret eksempel; økt bruk av bioenergi, hva kan det føre til etter hvert?
- endring i treslag, fra stort biologisk mangfold til treslags-monokultur, tap av arter, biotoper forsvinn, vern av skogområder, økt masseuttak av trevirke og mindre opptak av CO₂ m.m., økt fritidstransport, utslipp fra transport, etablering av nye bussruter.
- 1.-, 2.- og 3. ordens miljøproblematikk.

Hva er kriteriene for et godt tiltak } indirekte negativ effekt } negativ effekt på andre miljøområder

- direkte effekt } indirekte negativ effekt + negativ effekt på andre miljøområder.

Bieffekter av norsk miljøpolitikk:

De tre klimasporene med 3 hovedspor og 7 underspor

Klimagassporet	Energisporet	Tilpassningssporet
Forbruksutslipp	Redusert forbruk	Tilpassning til endringer lokalt
Produsjonsutslipp	Produksjon av fornybar energi	Tilpassning i endring i andre land
Karbonbinding		

Andre miljøområder

Noen sentrale negative samspilleffekter i den norske miljøpolitikken

Innen de tre sporene:

Klimagass: Forbruk øker mens produksjonsrelaterte utslipp går ned.

Energi: Økt produksjon gir økt forbruk.

Tilpassning: Ensidig fokus på konsekvenser av lokale klimaendringer kan øke klimaskeptisismen.

Mellom de tre sporene:

Mistilpassning og utslippsreduksjon:

klimaendringer - satser på vannkraft, men mildere klima og redusksjon av breane gir mindre nedbør lokalt der større brear lå før og trakk til seg nedbør.

Mellom klimasporene og andre miljøområder:
Biomangfold og friluftsliv ofres for økt fornybar energiproduksjon.

Utslipp fra forbruk går opp – utslipp fra produksjon går ned.

Stor mismatch i fokus på forbruk og produksjon innen energipolitikken.

- Forskning: Store midler til forskning 'for' utbygging av mere fornybar energi.
Lite (nesten ingen) midler til forskning 'for' redusert energiforbruk.
- Politikk: Stort fokus (særlig i Sp...) på utbygging av fornybar energiforbruk.
Lite (nesten ingen...) fokus på energiforbruk.
- Enova: Et visst fokus på energisparing i næringslivet.
Lite (nesten ingen...) fokus på energisparing i private husholdninger.

Det lite klimasårbare Norden?

Lokale konsekvenser av lokale klimaendringer:

Økt temperatur gir lengre vekstsesong, kortere snøsesong og kortere oppvarmings sesong

- bidrar til at enkelte mener at sumeffekten av klimaendringer i Norden kan bli positiv.

MEN

Hva med lokale konsekvenser av klimaendringer i andre land?

- Norden har en svært åpen økonomi.
- Vi vil derfor 'importere' konsekvenser av klimaendringer i andre land (tørke gir økte globale matvarepriser, El Nino gir dyrere fiskefôr, vannmangel gir økt antall klimaflyktninger osv..)

Fornybar energi og arealforbruk

Norge:

energiforbruk i dag: 225 Twh

energiforbruk i 2050 (-50 %): 115 Twh

EU 27:

Energiforbruk i dag: 25.000 Twh

Energiforbruk i 2050 (-40 %): 14.00 Twh

Hvordan?

- Fossil energi (200 kW/m²)
- Vind (3 W/m²)
- Sol (PV/termisk) (10 – 15 W/m²)
- Bioenergi (1 W/m²)

Oppsummering; hvor står norsk klimapolitikk?

Klimasporet; produksjonsutslipp og karbonbinding

Energisporet; produksjon av fornybar energiforbruk

Tilpassningssporer; tilpassning til endring lokalt

Veien ut av uføret? *Artikkel av Karl Georg Høyer*

CO2 reduksjon (og hvordan møte dette)

Reduksjonismen

- miljøproblemer reduseres til klimaproblemer
- energiutfordringer reduseres til det å redusere CO2
- klimaproblemet reduseres til CO2

For å møte dette må vi kople sammen igjen CO2 med

- **andre klimagasser** (for å fange opp indirekte virkninger av CO2 reduserende tiltak)
- **fossil energi** (for å problematisere valg av karbonfangst som hovedstrategi i klimapolitikken)
- **energi** (for å unngå at vi velger energi ineffektive klimatiltak) Karbonfangst og -lagring er mye mere energikrevende.
- **forbruk** (for å unngå at reduserte utslipp fra produksjon motvirkes av økte utslipp fra forbruk)
- **økonomisk vekst** (for å få fram at det er ingen realistisk strategi som kan sikre fortsatt vekst i energiforbruket og økonomien samtidig som vi skal unngå klimakatastrofen)
- **bærekraftig utvikling** (for å sikre at spørsmålet om en rettferdig fordeling mellom fattige og rike land ikke glemmes)
- **post karbon samfunnet** (for å sikre at vi har klart for oss hvor arbeidet må 'ende opp')

En alternativ tilnærming.

Bærekraftperspektiv

Teknologiperspektiv

	Naivt	Realistisk
Fortsatt global ulikhet og ingen kritikk av økonomisk vekst	Karbonfangst Fornybar energi	Solenergisamfunnet
Økt global rettferdighet og kritikk av økonomisk vekst	Dematerialisering og høyteknologi	Lavforbruk, lavenergi og degrowth

Sak 3 Småkraftutbygging i lys av Regional plan for vasskraftutbygging

Jon Farestveit, Naturvernforbundet

På høg tid med ein samla plan for slik utbygging.

Kraftverk som vil produsere sommarkraft til eksport til utlandet. Dei vil overføre vatn frå fleire elver for å auke produksjonen, og dette likner meir og meir på dei større utbyggingane.

NVE stiller krav om konsekvensanalysar av utbyggingane

- dei hyrer inn konsultentselskap. Du får eit nært forhold mellom kraftselskapa og konsultentselskapa (som avheng av kvarandre..) - er dette heldig?

Fordeler med kraftverkboomen? Det er produksjon av fornybar rein energi.

- det treng ikkje å påføra stor skade
- når det vert gjort på eit godt vis, i lite sårbare område
- landbruk og kommunar kan få tilført inntekter, men ein del går ut av kommunen og ein del går til forbruk!

Naturvernarrar er ikkje berre motstandarar av vasskraftutbygging!

- har sagt ja til halvparten av søknadane
- men har sagt nei til den andre halvparten

Fylkeskommunen har sagt ja til alle tilfella.

Positivt at det blir utarbeidd ein slik plan, for meir kunnskap kan gi betre grunnlag. Men, -prosjektgruppa som skulle utarbeide planen har fått eit bunde mandat frå Fylkesutvalet (FU). Svakt at negative sider ikkje er nemnt. Sumeffektar er ikkje tatt med ved fleire utbyggingar i eit område.

Skandalar!

- konsekvensanalysar får mindre pengestøtte
- avbøtande tiltak kan avbøte på nesten alt!

Avbøting = pynting eller flikking!

Politiske retningslinjer

- dei økonomiske konsekvensane tel mest
- sumverknader vert omtala, men ingen ting om dei kan løysast

Landskap

- vil ta omsyn til landskap, kulturlandskap, biologisk mangfald og INON
- men, seier ingenting om korleis dette kan takast vare på

Konklusjon

- kraftutbygging kan tillatast over alt
- det finnes ingen konkrete stengsel for dette

Berre kulturlandskap av nasjonal verdi får 1. prioritet. Fossane våre får 2. prioritet!

Konklusjonen er at dette er eit dårleg framlegg. Det er ein plan for vasskraftutbygging og ingen verneplan!

Sak 4 Kva skal til for å få ungdom i dag til friluftsliv?

Nordfjord Folkehøgskule, Martin Larsen

Først vart vi i salen oppfordra til å koma med innspel om kva vi trudde skulle til for få ungdomen 'ut og opp' og til friluftsliv. Nokre av forslaga våre var:

- kople frå pc
- fengande skuletilbod
- engasjert leiar
- sosialt, triveleg, leirliv
- mykje barneaktivitetar, friluftsbarnhagar
- spennande turar

Svaret / fasiten frå elevane til Martin på Friluftslina

- **GØY**
- **SPENNANDE**

Dei vil ha utfordring og oppleve meistring!

Aktivitetar som er spennande og utfordrande.

Innanfor grensene for meistring til kvar einskild elev og innanfor trygge rammer for den einskilde.

Aktivitetar som vi lærer noko av, med mange situasjonar som gjer læring meiningsfylt, som gir ønskje om læring og der ein opplever læringsglede!

Engasjerte leiarar er viktig, men erfaring viser at UNG til UNG formidling har størst effekt!

Det sosiale kjem langt bak. (dette seier elevane tidleg i skuleåret, men erfaring tilseier at etter endt skuleår er det sosiale det som har betydd mest, og dei har opparbeidd mykje sosial kompetanse)

Innfallsporten er ungdomstankar. Viktig å kommunisere ut at 'Ja, vi kjem og møter ditt behov'.

- spenning
- utfordring
- meistring

Satse på gruppene 13 – 15 år!

Det er då vi 'mister' dei. Familien får mindre å seie, venner blir viktigare. Dei trenger venne/-ungdomsmiljø som framleis kan ta dei med på friluftsliv, men på deira premissar.

Miljøvenleg friluftsliv?

- ungdommen vil ha mykje stæsj

Men kanskje friluftsliv uansett ikkje er miljøvenleg...

- alt vi gjer og kler vi har på oss krev produksjon og eit visst forbruk
- men konsekvensen av å drive friluftsliv er å verte meir medviten kvalitetar i naturen, verte glad i den, verne om den og ta vare på den - og såleis bidreg friluftsliv til å skape meir miljømedvitne og miljøvenlege folk...

TRAPPA

ENDRA ADFERD I KVAR DAGEN

ØNSKE OM Å BEVARE

GLAD I NATUREN

KJENT MED NATUREN

UT !

Sak 5 Minikurs i skriving av høyringsfråsegner.

Naturvernutvalet i S & Fj Turlag, Alvar Melvær

Minikurset ligg ved som eige vedlegg, samt dei eksempla på fråsegner som vart brukt i kurset.
Nokre punkt:

Meldingsfasen er overmåte viktig! –for alle typar utbyggingar. Det er der sjansane er størst for å påverke.

- be om utgreiing av nye utbyggings-/trasé alternativ!
- be om utgreiing av ”avbøtande” tiltak

- ikkje nødvendigvis seie ja eller nei til utbygging, men ein kan gje ”signal”.

Sjå etter nye løysingar - ver konstruktiv!

Nei-saker!

Ver nøye med å grunngje grundig kvifor ei sak er ei nei-sak. NVE ber om dette!

- Gå grundig inn på konsekvensutgreiingane. Omtal negative konsekvensar på flest moglege fagområde, ikkje berre friluftsliv.
- Skriv klårt og rett på sak. Dette er info til NVE!
- Unngå skuldingar mot private utbyggarar.
- Sjølv i nei-saker bør ein argumentera for forbetringar. Det kan hjelpa noko om det likevel vert eit utbygging.

Ja-saker!

Vurder om det må settast føresetnader for at saka skal bli ei ja-sak.

Nokre moment til vurdering:

Fisk / gyting – krav til omløpsventil

”Skvalpekøyning” øydelegg for gytefisk lenger nede i elva. Sei vanlegvis nei!

Effektkøyning gir ofte bråstopp og bråstart, svært uheldig for fisken!

- Nyttig / viktig i forhold til gamle konsesjonar og fornying!

Minstevassføring på line med normal lågvassføring er krisetilstand i naturen og mykje liv vil gå tapt i lengda.

Persentil: 5 persentil vil seia vassføringa i den 5. lågaste av 100 dagar om sommaren. Dette er meir enn alminneleg lågvassføring. Om vinteren vil dette lett verta for lite vatn.

Omtale av konsekvensar, samanstilling av avbøtande tiltak, samandrag om kva de meiner om utbygginga.

Sak 6 Høyringsfråsegner frå FNF om regionale planar for vind- og vasskraftutbygging, orientering

FNF, S & Fj, Elisabeth Dahle

Kort gjennomgang av dei viktigaste punkta i fråsegnene og hovudtrekka i og manglande ved begge planane.

Sak 7 Naturmangfaldåret

Kort film om Naturmangfaldlova

Pga tidsmangel vart denne posten utsett, og kan sjåast her:

http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/lyd_bilde/video1/naturmangfoldloven---hvilken-betydning-f.html?id=604919

Sak 8 Fellesuttale – forslag frå deltakarane

Satt fram til program laurdag.

Sak 9 Kva oppgåver skal fylkeskommunen prioritere i sitt arbeid med friluftsliv, vilt og fisk? *Sogn og Fjordane fylkeskommune, Joar Helgheim*

Informasjon om fylkeskommunen

Forvaltningsreforma – nye oppgåver til fylkeskommunen

- friluftsliv
- vilt
- fisk

Kva kan vi bruke den nye rolla til?

Forventningar hjå samarbeidspartar

Eksisterande planar og prioriteringar i fylkeskommunen

Idedugnad / gruppearbeid for å få innspel til prioritering av satsingsområde og tiltak.

Under idedugnaden fekk vi høve til å reflektere over og diskutere kva for satsingsområde og tiltak vi ønsker prioritert. Til slutt vart det oppsummert i kva fellesskapet meiner bør prioriterast.

Lista vart då omtrent slik:

1. Kartlegging og verdivurdering av friluftsområde (natur og landskap)
2. Grunnfinansiering av frilufsorganisasjonane gjennom partnerskapsavtaler
3. Etablere friluftråd
4. Stimulere nye grupper til å byrje med frilufsaktivitet

Skjæringspunktet mellom allemannsretten og fri tilgang og næringsutvikling er viktig.(S.A.F)

Friluftråd: Naudsynt, i S & Fj blir allmenne hensyn for lite vektlagt

FNF har føreslege ei prøveordning i 3 år med interkommunalt friluftråd i Sogn

Innlegget ligg som eige vedlegg.

Rammetilskot, vegen å gå?

Agenda: Grunnfinansiering av FNF og organisasjonar med midlar frå fylkeskommunen.

Sak 10 Frå FNF

FNF – jollene

Einar Skram Husabø informerte om dei 8 A - jollane som FNF har kjøpt av midler frå Sparebankfondet. No er to jollar komme på plass i Askvoll under Askvoll og Holmedal padleklubb sin regi. To jollar skal ligge i Kaupanger i regi av Indre Sogn Kystlag, to jollar skal vere i Leikanger i regi av Fjordklubben her og to jollar skal til Bryggja i regi av Kystlaget Hornelen.

Organiseringa av bruken av jollane skal vere enkel. Dei som er interesserte kan kjøpa seg ein nøkkel (omtrent som ein DNT-nøkkel) som gir tilgang til naust / jolle / utstyr. Det vil verte oppretta ein kalender på nett der ein kan skriva seg opp og reservera seg brukstid. Kvar einskild må sikra seg sjølv med våtdrakt og flytevest. Til våren skal det arrangerast seglkurs med kvalifiserte instruktørar på dei ulike plassane der jollane er plassert.

Jollane kan seglast av to personar, har årar og 'fast' kjøl som krev varsemd ved landgang.

Løypemerking på Vestlandet

Einar informerte om dei punkta som går på løypemerking og moglegheitene der.

Gjensidigestiftelsen vil truleg løyve 10 millionar kroner over 2 år til Vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Pengane skal nyttast til merking av løyper. Det er oppretta eit merkesystem for korleis løypene skal merkast og korleis ulike tema kan visast. Merkinga ved startpunktet har eit europeisk fargekodesystem som definerer vanskegraden på løypa.

Det vil og verta prioritert merking av stiar og snøggveggar i nærområda. Kommunane vert difor oppfordra til å kartlegge offentlege / allmenne stiar og snøggveggar i deira nærområde, slik at desse kan merkast og brukast av alle.

Årsplan 2011

Ålmenne oppgåver – langsiktige oppgåver

- Vere ein nettverksbyggjar mellom organisasjonane.
- Oppmuntre til samarbeid på tvers av organisasjonane i samband med kurs, skulering og arrangement.
- Fokus på friluftsliv for alle og folkehelsearbeid.
- Kontinuerleg oppfølging av rullering av arealplanane og andre aktuelle planar i kommunane og fylkeskommunen. Gje organisasjonane varsel om rullering og utarbeide kortfatta informasjon om korleis dei skal gå fram og kva dei skal sjå etter. Passe på tidsfristar og varsle lag/organisasjonar.
- Vere ein pådrivar til at organisasjonane blir varsla om planarbeid og høyringar og oppfordre til samarbeid i samband med utsegner.
- Få organisasjonane til å rette merksemd på område som naturlandskap, vindkraft, vasskraft, kraftlinjer, vegbygging, utbygging av våtmarker, miljøureining, Naturmangfaldslova og Plan- og bygningslova.
- Halde årsmøte og fellesmøte for organisasjonane.
- Vere ein bindelekk mellom fylkesmannen/fylkeskommunen og organisasjonane.
- Gjere FNF kjent blant kommunane i Sogn og Fjordane.
- Arbeide for å få oppretta friluftsråd i Sogn og Fjordane.
- Verne om allemannsretten.
- Vere observant på motorisert ferdsel.
- Vere med å ta vare på strand- og kystsona.
- Påverke ved kommune- og fylkestingvalet.
- Oppfordre kommunane til kartlegging av stiar og snøggveggar i nærområda.
- Arbeide for merking av stiar og snøggveggar i nærområda og skilting av turløyper
- Arbeide for å få stilling i FNF-systemet til å utarbeide illustrasjonar av planlagte anlegg.
- FNF kan skriva høyringsfråsegner på vegne av dei organisasjonane som i kvart tilfelle gir si tilslutning til dette.

Forslaget til årsplan vart godkjent slik det no ligg føre.

Budsjett 2011

Det vart diskutert om det er rett at FNF skal ha overskot eller ei, og evt korleis dette kan nyttast. Einar kom med forslag om eit friluftsfond (aktivitetsfond) og dette vart diskutert. Alvar Melvær var klar på at FNF burde ha eit overskot tilsvarande ca 6 mnd drift. Overskotet i år 2010 vert kalla 'Til aktivitet'.

Budsjettet vart godkjent. (etter idemyldringa).

Sak 12 Samarbeid / ein idedugnad

Korleis kan organisasjonane arbeida saman for å fanga fleire unge til friluftsliv?
Stikkord: fellesleir, demonstrasjonar, utstyrsmesse?

Samarbeidsprosjekt er positive, gode for å knyte relasjonar mellom organisasjonane.

Kan t.d. nytte friluftslivets veke.

Og positivt for å sikre kontinuitet i aktivitetar på lokallagsnivå gjennom året.

Kan t.d. lage eit årshjul med aktivitetar.

-godt tiltak, god ide' og det kan vere med på å unngå konflikhtar / kollidering mellom laga

Positivt på overordna plan å ha kommunikasjon med fylkeskommunen og fylkesmannen for å utvikle samarbeidet med det offentlege.

- t.d for å spele inn mot skuleverket aktivitetar som skjer der, for planlegging inn mot skulane
- for å få strukturert og formalisert samarbeid
- organisasjonane sit på stor kompetanse

Felleskurs som

- førstehjelp
- skredkurs
- kajakk
- fiske
- m.m.

der FNF er ein nøkkel, der alle innanfor her kan vere med, evt få støtte frå FNF til å halde slike kurs

Sak 13 Innspel frå Naturvernforbundet om uttaler frå FNF

- om grensegangen for når og på kva grunnlag FNF skal kunne uttale seg og på vegne av kven?

NJFF: Ikkje alle må vere med på alle uttaler, men fleirtalet må kunne vekte skåla.

Turlaget: Høyringsuttalar, turlaget meiner at slike uttaler er viktige og kan skje frå FNF f.eks innan områda strandsone, motorisert ferdsel, vern av arter. FNF bør få litt trykk på å få fram slike saker.

AU må ha eit møte om dette og så ta det opp igjen på årsmøtet.

Sak 14 Fellesuttale - forslag til tema frå deltakarane

- Om å få barn og unge inn i naturbasert aktivitetar, 'trappestigen', jobbe for å få gjennomført alle trinna ved denne
- Store utfordringar knytt til fylkesdelplanar og 420 kv linja, knytt til storstila produksjon av fornybar energi i Sogn og Fjordane
- Slå et slag for nærtuområda og ta vare på desse
- Pressemelding om barn i naturen og kor viktig dette er
- Fleire drypp i media
- Identiteten til fylket og folket her, natur og naturkvalitetar, t.d stillingsannonse for ein 'Natur-ambassadør' med arbeidsfelt å ta vare på naturen og naturkvalitetane i fylket med løn som flotte naturopplevingar; fjell- og toppturar, fisketurar, padling og mykje meir.
- Lesarinnlegg til debatt

Det vart ikkje forfatta fellesuttale under møtet, men FNF vart oppfordra til å arbeide med nemnde tema.

Sak 15 Andre innspel

Fylkeskommunen ved Joar Helgheim oppfordra organisasjonane til å vere aktive inn mot dei, mot meldingar om oppstart av planarbeid. Då har ein størst moglegheit for påverking.

Prat og spørsmål om dagturtilbod og drift av slike tilbod i salen. Ønske om å drive med slike tilbod knytt til Skongsnes fyr ved Britt Småvik.

Tema på neste fellesmøte:

- felles forståing for kvarandre
- bli betre på å støtte kvarandre og å ta omsyn til ulike mål i organisasjonane

FNF spør om organisasjonane kan leggje ut link på sine heimesider til FNF

referent
Elisabeth Dahle
FNF

<http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane/>